



Innsendt: 30.06.2024 14:03

Ref.nr: XQOLGH

NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn TOM ERIK HALVORSEN
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Området rundt Kaldavatnet er av stor personlig rekreasjonell interesse for meg og min familie. Jeg har hytte ved Riskedalsvannet og har uttalige løpeturer opp Tofjellet og rundt Kaldavannet mot Brendenuten. Et stort høydepunkt var å få delta i og vinne et ekstremløp kalt Xreid Ryfylke som fulgte deler av tursti langs Kaldavatnet på nordøstre side. Det ville være et alvorlig naturinngrep å gi konsesjon til å regulere dette dyrebare vannet og naturområde som består av mye urørt natur. Jeg er også meget bekymret for at tillatelse til å regulere Kaldavanner og etableringen av Bøen III vil åpne muligheten for å åpne enda et kraftverk IV for å regulere det høyereliggende og enda større Vassstølvannet. Jeg vil sterkt fraråde å gi konsesjon til denne utbyggingen.
Høringsuttalelse som vedlegg
Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon
Vedlegg bilder IMG_1096_Original.jpeg

ultraterrengløp, fordi det er i skog og mark han liker seg best, og løpeturene skal helst være lange. Men løpet i Ryfylke ble hans første med Xreid.



Bildet viser vinner av Xreid, Tom Erik Halvorsen, da han passerte Kaldavatnet i Årdal fredag.

Foto: Eldfinn Austigard

– Jeg har hytte i Årdal, hvor løpet startet. Den første delen av løypa kjenner jeg veldig godt. Der er jeg nok den som har løpt aller mest av alle som er med, sier han, og legger til:

– Løypen var veldig kjekk, og det er

Fra: "anita staurland" <anita_staurland@hotmail.com>
Sendt: søndag 30. juni 2024 10.22.01
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>
Emne: Høringsuttale 202224776

Hei!

La naturen være i fred. Er sterkt i mot at Kaldavannet skal reguleres.

Mvh Anita Staurland
Åkragata 20
4015 Stavanger

Sendt fra [Outlook for iOS](#)



Innsendt: 01.07.2024 16:35

Ref.nr: ROCDSY

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn ANNE DALANE EIE
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Har brukt dette området til rekreasjon heile livet! Har turgruppa, ca. 50stk., med på tur her regelmessig! Ikkje øydelegg området med meir utbygging! Kostnadane blir voldsomme for oss som går her regelmessig, og for framtidige generasjonar!
Høringsuttalelse som vedlegg
Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon
Vedlegg bilder



Innsendt: 01.07.2024 16:43

Ref.nr: VPWNLM

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn HELENE NUMMEDAL
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Uttalen gjeld: søknad om konsesjon for Bøen 3 kraftverk og regulering av Kaldavatnet og Bønaråna Nok nå. Dette handlar om Ryfylkesjela si identitet, kulturhistorie og urørt natur som har tent oss og våre forferdar godt, og vil også gjera det framtida. Naturen i Bønardalen har vore raus med alle generasjonar og me deler gjerne med enkeltmenneske i Bøen Kraft, NVE, Hjelmeland kommune, Statsforvaltaren og alle andre. Men, naturen skal ikkje rivast sund og øydeleggast. Me vi dela av den urørte naturen vår basert på allemannsretten og LNF-området som byggjer på å oppretthalda økologisk balanse og bevare mangfaldet i naturen. Der folk kan driva med rekreasjon og friluftsliv, utan å forhalda seg til uttørka elveleie og sårkantar rundt Kaldavatnet som følge av at vatnet er tappa ned. Vern av slike område er viktig for folkehelsa og livskvaliteten vår. Eg er ei stolt «heiajente». Opplært av han far og foredla av natur, kultur og gode haldningar til naturressursane våre. Då spesielt nærområdet i Bønardalen der me er eigarar av Krostølen som ligg nedanfor Kaldavatnet. Heia me snakkar om har blitt brukt til blant anna: rekreasjon, friluftsliv, samlingsplass for folk og fe, tilflukt for rømlingar under krigen, dåpsplass, stemne for både bygdeungdomslag og andre samlingar for organisasjonar, vanleg stølsliv på stølane, og ikkje minst ferdavegar frå gammalt av. Dette naturområdet ligg lett tilgjengeleg, nokre kilometer aust for Årdal. Området har vore og er, eit lett tilgjengeleg naturområde for folk flest. Den urørte naturen innbyr til ro og refleksjon, trening og turgåing osb, heilt fri for moderne støy. For å oppretthalda folkehelsa og livskvaliteten er slike

naturområde heilt naudsynste. Våre moderne behov for blant anna energi, har lagt under seg store naturområde i heiane våre. I Årdal ser me nå fleire kraftutbyggingar, men det er nok nå!

Me hadde ikkje så mange «ting og tang» i min oppvekst, men den urørte naturen og hytta var vår friplass. Ord som allemannsrett og LNF-område visste me lite om, men livsgleda og fridom opplevde me. Nå forstår me kva kvalitetar me kunne boltre oss i og det gjer at eg nå står opp for framtida til den urørte naturen vår og kulturhistoria, samt livskvaliteten og folkehelsa den inneber og tilbyr oss alle.

Bøen Kraft har bygd ut byggetrinn 1 og 2, noko som har godt fredeleg for seg. Me lever i eit samfunn med moderne behov og der alle kan vera med å bidra, men å bidra med kraft vil ikkje seie å ta alt. Bønardalen aust for Røgle er vårt urørte og lett tilgjengelege naturområde som er vår historiske og kulturelle arv. Det gjev oss ei plikt til å ta vare på, både for nåtida og for komande generasjonar.

Venleg helsing

Helene Nummedal

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annan relevant informasjon

Vedlegg bilder

Fra: "Odd Einar Vold" <odd.einar.vold@gmail.com>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 09.31.41
Til: uttalelse@nve.no
Kopi: postmottak@hjemmeland.kommune.no
Emne: Høringsuttalelse 202224776
Vedlegg: Høringsuttale - O.E.Vold.pdf

Vennligst sjå vedlegg

--

Mvh Odd Einar Vold
Mælslia 38
4137 Årdal i Ryfylke

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Til uttalelse@nve.no

Årdal den 2. juli 2024

Høringsuttalelse 202224776 – Regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk

Underteikna er næraste hyttenabo til prosjektert inntak. (Gnr/bnr 108/20)

Bøen Kraft AS vart stifta i 2005 av grunneigarane som seinare selde selskapet til Egil Kambo & Co i ca 2015, dei gjennomførde utbygging og har i ettertid solgt selskapet til Cloudberry Production som er eigd av Cloudberry Clean Energy ASA, største aksjonær her er Ferd as med 12,16%.

Bøen III Kraft vart etablert i 2022 av same gjengen som bygde ut Bøen I og II. I styret sit:

- Kjetil Nereng, styreleiar. Adr Raufoss
- Kirsti Nereng, adr Oslo
- Egil Kambo, adr. Etne
- Kåre Helgøy, adr Randaberg

Eigarane her er:

- Bnvannkraft as, 50% (Nereng)
- Leif Morten Gilje, 15%, adr Dirdal
- Khv Holding as, 15% (Kåre Helgøy)
- Kambo Energi, 15% (Egil Kambo)
- Vidar Øvrevik, 5%, maskinentreprenør, Etne.

Ingen av desse er heimehøyrande her i bygda eller i kommunen. Dei er utbyggjarar og eg vil spå at planen er å selje kraftverket (til Cloudberry?) når det er ferdig utbygd. Verdiskapinga lokalt forventas å vere minimal i utbyggingsfasen og endå mindre i driftsfasen.

Kommentarar til søknaden

Generelt ber søknaden preg av å «forbigå i stillhet» og tone ned negative konsekvensar mest mogleg, heller fokusere på det som ikkje vert berørt.

Tørrlegging av åa under utbygging er f.eks. ikkje nemnd. På side 32 i søknaden:

Ved bygging av dam og inntak vil det bli nødvendig å senke vasstanden i Kaldavatnet.

Skal minstevassføring ha nokon verdi for økosystema nedstrøms inntaket så er det nødvendig å oppretthalde minstevassføringa også gjennom utbyggingsperioden. Tørrlegging, sjøl i ein kortare periode, kan vere fatalt for økosystema. Det må derfor stillast krav om dette dersom konsesjon blir gitt. Videre må det stillast krav om sikker minstevassføring med f.eks. alarm, automatisk reserveopning ved alarm, logg av minstevassvannføringa etc.

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Hindring i ferdsel over vatnet sumar- og vinterstid er heller ikkje nemd. Denne ferdsel er med båt over vatnet om sumaren og til fots på ski eller snøscooter til og frå hyttene om vinteren. Isfiske og leik på isen kan og vere aktuelt. Når isen legg seg fortset tappinga, isen blir i strandsona hengande att på toppane av steinar, vatnet drenerer vekk og isen blir ikkje sterkare og brotnar. «Då er du heldig at der ikkje var vatn under isen», kan du kanskje sei, men det er fattig trøst når du står med snøscooteren i holet. Bruk av båt når vatnet er isfritt blir vanskeleggjort ved varierende vannstand. Båten må dras langt opp, over HRV for å liggje trygt. Og når båten skal nyttast er vatnet kanskje halvannan meter lågare.

Punkt 3.13 Brukarinteresser side 36:

I dette avsnittet står:

Påverknaden av friluftsliv vil i hovudsak vere av visuell karakter. Regulering av Kaldavatnet vil og medføre ei utvaskingssone rundt vatnet i delar av året.

Eg reknar med at drifta av kraftverket er slik at dei kan ta imot flaumvatn når det måtte kome for å hindre at det går i overløp. For å kunne ta imot flaumvatnet må magasinet vere nedtappa. Og sidan veret og nedbørsmengdene i stor grad er uforutsigbart så inneber det at magasinet vil vere nedtappa ned mot LRV+0,25 meter **store** deler av året.

I miljørapporten s. 22 heiter det:

«Det er usikkert hvor brei denne eksponerte sonen vil bli, og det er dermed også usikkert hvor stor innvirkning det vil ha på landskapsbildet.»

Desse langgrunne, eksponerte sonane er langs nordsida av vatnet. Eg undrar på kvifor søkjaren heller vil spele på usikkerhet enn å dokumentere kor store desse eksponerte områda er?? For dei **er** store!

På side 37:

Då det er avgrensa med fiske i området vil verknadane på fiskeinteresser vere relativt lite omfattande.

Sjølv om fisket måtte vere avgrensa nå, så er logikken her feil! Senking av vatnet og tørrlegging av store beiteområder for fisken vil vere øydeleggjande for fisken sin mattilgang og for framtidige fiskeinteresser **for all framtid!**

Nederst s. 40 i søknaden:

Det er ikkje forslag til andre utbyggingsløyisingar.

Utbyggjaren **har** andre løyisingar, det er bare ikkje presentert. På side 17 kan me lese:

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Samanlikna med situasjonen utan regulering aukar vassutnyttinga for Bøen III kraftverket frå 79,3% til 87,2% og produksjonen frå 2,7 GWh til 2,97 GWh.

Det er altså vurdert ei utbygging **utan** regulering av Kaldavatnet, men så er det jo fristande for utbyggjar å prøve seg med å få lov til å regulere litt på vatnet også, røyrgate og dam har me jo, omtrent ingen ekstra investering osv ... Men kva vinn ein med det? Jo, heile 0,27 GWh. I tillegg får Bøen I og II utnytte meir flaumvatn og forbetre sin produksjon, det framgår ikkje av søknaden med kor mykje, men la meg anta at forskjellen for Bøen I og II med og utan regulering er lik Bøen III, så snakker me om ca 0,54 GWh totalt, tilsvarande el-forbruket til 27 husstandar! Kambo lufta tankane om utbygging for Sameiget Bønardalen Veilag (underteikna er leiar i laget), desse tankane gjekk ut på å nytte den naturlege variasjon av vannstanden i Kaldavatnet. Men då søknaden vart send heitte det at « ... *me fekk ikkje økonomien til å gå opp* ... » Så derfor regulering!?

Nå spør utbyggjaren: Kan me få konsesjon for å årleg produsere 4,10 GWh?

Me kan heller snu på spørsmålet til: Kan me få blottleggje strandsonen for å kunne levere straum til 27 husstandar? Svaret mitt er et klart NEI!

Side 45 i søknaden omhandlar minstevassføring.

Den bør vere minimum lik minstevassføringa pr i dag, før regulering. Og den bør fastslås ved måling på staden – for å fjerne usikkerhet ved teoretisk berekning og med grunnlagsdata frå ein annan plass.

På same side foreslår søkjaren som ekstra, avbøtande tiltak å heve LRV til 527,7 i sommarmånadane juli-august, dvs ei heving på ein meter i forhold til resten av året. Men det er eit ørlite plaster på såret, der er framleis ein meter med tørrlagd og utvaska strandsoner att, ein høgdemeter, vel og merke. Kor langt i horisontal eller skrå lengde er, som søkjaren seier, usikkert. Eg trur det kan dreie seg om både femten og tjue meter enkelte stader. Uansett så er denne perioden for kort til å vere av særleg betydning, området nyttast heile året og den skamfarne strandsona er et synlig sår unntatt gjennom vinteren når snø og is gøymer såret.

Så til ein for meg uklarhet på side 49, figur 4 - Vasstand i Kaldavatnet i eit normalt, tørt og vått år.

Koss forstå denne?

Teksten til venstre i figuren er: Vannstand Kaldavatnet, 0=326,7 moh. Denne høýden må vere ca 200 meter feil sidan Kaldavatnet ligg på 528,4 moh (middelvannstand). Dersom 0,00 nederst på Y-aksen skal forstås som lågaste regulert vannstand, LRV, så viser den grå kurva at vannstanden på slutten av året overstig tre meter – og det er jo umulig med to meter reguleringshøgde. Men hvis 0,00 representer LRV, så viser den blå streken (normalår) at vatnet er heilt nedtappa fem gonger i løpet av året, den lengste perioden på heile 50 dagar. Denne perioden er frå ca midt i september til slutten av oktober – då heia og fjellet er på det finaste! Og gjennomsnittlig vannstand gjennom året ligg på ca 0,75 meter over LVR, dvs blottlagd strandsoner mesteparten av året.

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke


Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Venstrehandsarbeid på s. 24:

Ei oversikt over tal dagar i året der vassføring går til overløp, og tal dagar der kraftverket står for et turt, middels og vått år før og etter utbygging er vist i tabellen nedanfor. Kraftverket står nødvendigvis alle dagar før utbygging.

Og dådyr (s. 39) finns ikkje i området, men rådyr ser me ofte.

Søknaden er tvetydig når det gjeld plassering av dam og inntak. På side to og på bilde 2 side 50 er inntaksdammen vist i utløpsosen, men på Omegas Plan og profildeikning del 2 er inntaket vist slik:



Der kor dammen er vist på ovanstående utsnitt er same plass kor eg har bru for adkomst til hytta mi. Brua er laga spesielt for å kunne køyre over med snøscooter. Her er lagleg å køyre av og på brua på begge sider. Eg vil foretrekkje at dam og inntak blir plassert i utløpsosen. Eg vil tru det ikkje har nemneverdige kostnadskonsekvensar. Om dammen skal plasserast som vist ovanfor må det lagast ny bru ovanom dammen. Plassert i utløpsosen vil skåne elveløpet nedstrøms, eg vil tru det stort sett vil vere urørd, mens damplassering som vist vil kreve sprenging og graving i elveløpet for inntaket og tilsvarende stort og varig sår i naturen.

Allmenne interesser

Søknaden gir etter mitt skjønn et feilaktig inntrykk av at konsekvensane av ei evt utbygging er minimale, området er lite brukt, elva som blir borte blir knapt merka fordi den ligg gøymt i terrenget, terrenget har få stiar og blir lite brukt osv. Sanninga er at området blir mykje brukt, også av tilreisande utanfor bygda. Det merkar me i Sameiget Bønardalen Veilag. Me sette

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

nemleg opp skilt nedanfor inntaket til Bøen II og på sjølve P-plassen ved inntaket at du er velkommen til å køyre her, fint om du vippser kr 50 for bruk av veg og parkering.

Medlemmer i sameiget vippsar ikkje, dei betaler gjennom sin kontingent. På denne måten fekk me måling på trafikken. I fjor var der 316 betalande og hittil i år (1. juli) har 200 betalt. Om me reknar to personar pr bil så tilsvare det henholdsvis 632 personar i fjor og 400 personar hittil i år. Dette er trafikk i tillegg til den trafikk som ikkje blir registret. Mange av desse går på oppmerka stiar, men mange brukar også terrenget ellers. Eg ser fedre med ungar som prøver seg på meitefiske ovanom inntaket på Bøen II og oppetter langs elva, heilt til Kro. Og me ser dei på toppar og myrar, nokon nyt utsikten, andre ser etter molter og blåbær, andre igjen fotograferer blomar og insekter og gud veit kva. «Men blomane, moltene og insekta vert ikkje råka», seier du. Men opplevelsene er øydelagd, åsuset er borte og blottlagde strender langs vatnet gir same opplevelsene som å ete nista si på ein søppelfylling. Øydelagd for all framtid!

Oppsummering/konklusjon

Ganske kort – konsesjon må for all del ikkje gis! Fordelene overstig på ingen måte ulempene. At området ligg i LNF-område har eg hittil ikkje kommentert, men ...

- Formålet med LNF er å beskytte områder som har viktige funksjoner for landbruk, natur og friluftsliv. Det inneber at når andre interesser kjem i konflikt med LNF, så skal LNF-interessene vinne fram. Dette skaper forutsigbarhet. Og me som har investert i hytter her har gjort det i trygg forvissning om at slik skal det vere. Dette har blitt underbygd ved:
- Då reguleringsplanen for hyttefeltet i Bønardalen vart fremma var vegen opp mot Kaldavatnet etablert som skogsbilveg. Det vart foreslått å innlemme dei siste par hundre metrane i planen, for å få same status (offentlig, alment tilgjengeleg) også frå Vårefjellsbekken og heilt opp. Men nei og atter nei! Det var LNF-område og slik skulle det vere. Det vart til og med krevd bom i skiftet mellom hyttefeltet og LNF-området.
- Frå enden av denne vegen vart det anlagt ein enkel traktorveg fram til dei tre hyttene som ligg på nordsida av vatnet, ca midt på – som viste seg å vere ulovlig anlagt, uten byggjeløyve. Dette kom fram etter eigarskifte og ny eigar vart pålagt å tilbakeføre. Han søkt om byggjeløyve for å behalde vegen, men nei og atter nei. Det er LNF-område!
- Ca midt på nordsida av vatnet ligg der ei hytte «frå gammalt av». Nåverande eigar søkte om å få rive den og byggje ny på same staden, og litt større. Men nei og atter nei. Det er LNF-område!

Eg forventar at LNF-status blir respektert i like stor grad i denne saka. Skal LNF-status vere verd litt meir enn papiret den er skriven på, så KAN IKKJE konsesjon gis som omsøkt.

Mvh Odd Einar Vold

Kopi: postmottak@hjemland.kommune.no



Innsendt: 02.07.2024 10:22

Ref.nr: NEKCID

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn ELDFINN ASBJØRN AUSTIGARD
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Me går ut frå at de har motteke mange høyringssvar i samband med konsesjonssøknad om regulering av Kaldavatnet. Desse svara gir truleg eit omfattande bilde av dei uheldige verknadane av eit slikt eventuelt tiltak. I tillegg til desse innspela finnes det også ei facebook-gruppe «Me som er glad i Kaldavatnet» der det pr i dag er over 300 medlemmer. Det er eit sterkt signal frå ein liten kommune. Nedanfor vil me få komma med litt tilleggsinformasjon: Kaldavassområdet er i dag eit av veldig få friluftsområde der ein ennå finn urørt natur. Området ligg i forholdsvis kort gangavstand frå dei ulike tettstadane i Hjelmeland kommune.(Via parkeringsplasser ved Røgle og Bjødnabu) og vert mykje brukt både sommar og vinter.Vinterstid kanskje mest på ski inn frå Bjødnabu. Viktigheta av å kunne ha eit slikt urørt naturområde i nærmiljøet er det sikkert unødvendig å understreke nytten av? Kva dette betyr for folkehelsa er kjent for alle. Etter å ha ferdast i dette området i ein mannsalder (har tilknytning til hytte ved vatnet) har me opplevd kor mykje heia her betyr for dei mange som gjennom åra har hatt gleda av å oppleve dette. Det er også fleire merka turstiar i området enn dei som er nemnt i søknaden. Me vert derfor litt spørjande når me les Bystøl sin kommentar i søknad om regulering av Kaldavatnet: «Området vert vurdert til å ha middels verdi for friluftsliv, samla sett til å bli noko forringa i

høve til friluftsliv. Dette gjer totalt sett liten negativ konsekvens for friluftslivet»

Det er tydelig at ein slik påstand er nedtegna utan å ha faktisk kunnskap om det ein legg fram i søknaden. Tvert om, området har -og har alltid hatt høg verdi for friluftslivet!

I vinterhalvåret vert isen på Kaldavatnet brukt av skituristar som enten berre er på tur til området, eller vil gå lenger inn i heia. Vert vatnet regulert kan ikkje isen nyttas til slik trafikk.

Hjelmeland Røde kors og Hjelmeland Idrettslag har i fleire år kjørt opp skispor innover i fjellet, ofte heilt inn mot Skorva. Dei er då heilt avhengige av å kunne kjøre på isen, sommarstien går nemleg gjennom ei ur i austre enden av vatnet, her er det veldig sjelden nok snø til å kunne komma fram med snøscooter. Ved eventuelle ulukker på vinterstid vil ikkje Hjelmeland Røde kors kunne komma innover i heia med scooter. Den skadde må då i tilfelle bærast til bygda, eller hentas med helikopter.

Livet på hytta handlar om rekreasjon, om den sjelefred det gir å kunne opphalda seg i og betrakte urørt natur. At kapitalkrefter utan lokal tilhøyrighet, i dette tilfellet for ein relativt låg økonomisk gevinst, skal kunne frårøve oss dette, samtidig som dei raserer naturen for all framtid i eit for veldig mange kjært friluftsområde, synes for oss totalt ufatteleg. Tilsynelatande blinde for anna enn eiga økonomisk vinning synes dei ikkje å sjå at dei ved ei regulering av Kaldavatnet vil redusere verdien på hyttene i området med eit unemnelig beløp.

Me vil så inderleg me kan få be om at NVE seier nei til denne søknaden.

Mvh

Gunhild og Eldfinn Austigard

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder

Fra: "Rune Folkvord" <Leena.Folkvord@lyse.net>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 12.57.07
Til: uttalelse@nve.no
Emne: Høyringsuttale 202224776
Vedlegg: NVE-Høyring av søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet - Hjelmeland kommune i Rogaland .docx

Høyringsuttale for Bøen III kraftverk, Kaldavatnet



Høyring av søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet - Hjelmeland kommune i Rogaland

Området som Kaldavatnet ligger i, er klassifisert som "viktig friluftsområde" (naturbase faktaark) og som "ganske inngrepsfritt".

Naturvernforbundet i Rogaland har over to dager befart vassdraget fra inntak Bøen II til østre ende av Kaldavatnet, samt traseer for kabelgrøft, turbinledning og mulige veitraseer.

I kommunal plan er området regulert til LNF og en stor del er definert som inngrepsfritt naturområde (INON-område sone 2) som utbyggingsplanen vil redusere med ca 3 km².

Det er fra før anlagt veg som stopper ca 700 m fra utløpet av Kaldavatnet. Denne vegen er i søknaden planlagt å forlenges til damstedet. Med mer veg blir det mer trafikk og forstyrrelser, selv om det er bomveg.

Dammen som skal regulere Kaldavatnet 2 meter (0,5 opp og 1,5 ned) blir godt synlig og representerer et større og tydelig inngrep i naturlandskapet. Langs strandlinja vil reguleringen gi en stor utvasket sone. Disse inngrepene vil forårsake en stor endring i landskap og forstyrre og ødelegge det meste av opplevelsen som inngrepsfri natur.

I strandsonen vil insekter og bunndyr bli sterkt skadelidende når vannstanden varierer og bølgene spyrer slam og sand ut på dypere vatn. Det vil over tid gi negativ virkning i mattilgangen for ørret og ål.

Ål er rødlistet og krever særlig beskyttelse mot forringelse av levevilkårene.

Vannføringen i Bønaråna blir regulert til minstevannføringer på 25 og 45 liter pr sekund. Den reduserte vannføringen er ikke nok til å opprettholde samme levevilkår som eksisterer i dag for insekter, fisk, ål, fossefall, dyr som vannspissmusa og annet.

Sterkt redusert vannføring vil også påvirke fuktigheten langs det regulerte vassdraget utover selve elveløpet. Det igjen vil gi endringer i hva som vokser og lever der.

På avstand er enkelte partier av vannføringen i elva skjult av stein og blokk. Men i og rundt elveløpet er elva alltid fullt synlig og er et dynamisk levende vannmiljø med fosser og kulper. Fravær av naturlig vannføring vil bli merkbart.

Planen for tiltaket konkluderer med at det blir sjelden overløp fra dammen. Det resulterer i at de aller fleste flommer uteblir og det kan gå mange år mellom hver flom. Men elveleiet og elv trenger naturlige flommer for å holde bunnvegetasjon fornyet og intakt uten gjengroing.





Kraftstasjonen er planlagt i overkanten av et flatt område med myr, Røglemyrane, der elva svinger seg i dype og rolige loner. Dette området strekker seg nedover myrene i ca 700 m til inntak av Bøen II, men er ikke beskrevet i søknaden. Med regulert vannføring uten naturlige flommer vil elveleiet gro til og vegetasjonen endre seg også her.

I denne stille delen av Bønardalen vil forstyrrende lyd fra kraftstasjonen høres godt, døgnet rundt.

Det omsøkte tiltaket føyer seg inn i "bit-for-bit" nedbygging og arealendring som påfører naturmangfoldet stadig mer alvorlige skader. Vassdrag er en særlig viktig del av naturarealene. Utbygging vil gi lite ny kraft og ulempene for naturen er vesentlig større enn fordeler for samfunnet.

Istedenfor å bygge ut ny kraft er det langt bedre å benytte ENØK-arbeidet for å frigjøre elektrisitet brukt til oppvarming.

Kunnskapen om naturmangfoldet i dag gir ikke rom for mer arealendring. Vi vet nå at antallet arter, av alle slag, og antallet individer i hver art minsker fort og står i fare for å forsvinne helt i løpet av noen få generasjoner.

Årsaken er i hovedsak arealendring og forstyrrelser påført fra menneskelig aktivitet. Vassdragene er særlig utsatt for påvirkningene. Denne utviklingen kan føre til kollaps i naturmangfoldet da det meste henger sammen og virker sammen.

Situasjonen med negativ utvikling av naturmangfoldet er blant annet varslet av forskere i FNs naturpanel og burde også være kjent for alle myndigheter som behandler søknader, som Bøen III.

En følge av ny kunnskap om hurtig endring i naturen, krever at all vurdering av naturskadene må legges opp til "føre var" prinsippet for å kunne fange opp reelle virkninger og skader. Derfor bør ikke dagens håndbøker og maler for naturvurderinger legges til grunn uten videre.

Naturvernforbundet mener at kunnskap og forskning beviser at skadene med flere utbygginger, gir langt større negative virkninger enn eventuelle fordeler i dag. Og det er de kommende generasjoner som vil merke de negative konsekvensene.

Signerte og forpliktende avtaler mellom FN og Norge sier at vi skal verne naturareal. Omsøkt tiltak vil skade natur og arts mangfold og representerer et brudd på avtalene.

Naturvernforbundet vil fraråde at det blir gitt konsesjon til omsøkte Bøen III kraftverk.

Mvh

Naturvernforbundet i Rogaland

Hallgeir Langeland

Styreleder

Erik Thoring

Daglig leder





Naturvernforbundet
i Rogaland

Rune Folkvord
Vassdragsvernutvalget

Besøk: Mostun natursenter,
Henrik Ibsensgate 59,
Org
4021 Stavanger
Tlf.: 416 83 238

E-post: rogaland@naturvernforbundet.no
Nettside: rogaland-naturvern.no

Org.nr. 971 339 993
Bank: 1503 80 05879



Rogaland
Naturfredningsforening
Stiftet 1928

Fra: "Odd Einar Vold" <odd.einar.vold@gmail.com>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 16.59.23
Til: uttalelse@nve.no; postmottak@hjemmeland.kommune.no
Emne: REVIDERT Høringsuttalelse 202224776
Vedlegg: REVIDERT Høringsuttale - O.E.VOLD.pdf

Vennligst sjå vedlegg igjen, og sjå vekk i frå det eg sende tidlegare i dag.

--

Mvh Odd Einar Vold
Mælslia 38
4137 Årdal i Ryfylke

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Til uttalelse@nve.no

Årdal den 2. juli 2024

Høringsuttalelse 202224776 – Regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk

Underteikna er næraste hyttenabo til prosjektert inntak. (Gnr/bnr 108/20)

Bøen Kraft AS vart stifta i 2005 av grunneigarane som seinare selde selskapet til Egil Kambo & Co i ca 2015, dei gjennomførde utbygging og har i ettertid solgt selskapet til Cloudberry Production som er eigd av Cloudberry Clean Energy ASA, største aksjonær her er Ferd as med 12,16%.

Bøen III Kraft vart etablert i 2022 av same gjengen som bygde ut Bøen I og II. I styret sit:

- Kjetil Nereng, styreleiar. Adr Raufoss
- Kirsti Nereng, adr Oslo
- Egil Kambo, adr. Etne
- Kåre Helgøy, adr Randaberg

Eigarane her er:

- Bnvannkraft as, 50% (Nereng)
- Leif Morten Gilje, 15%, adr Dirdal
- Khv Holding as, 15% (Kåre Helgøy)
- Kambo Energi, 15% (Egil Kambo)
- Vidar Øvrevik, 5%, maskinentreprenør, Etne.

Ingen av desse er heimehøyrande her i bygda eller i kommunen. Dei er utbyggjarar og eg vil spå at planen er å selje kraftverket (til Cloudberry?) når det er ferdig utbygd. Verdiskapinga lokalt forventas å vere minimal i utbyggingsfasen og endå mindre i driftsfasen.

Kommentarar til søknaden

Generelt ber søknaden preg av å «forbigå i stillhet» og tone ned negative konsekvensar mest mogleg, heller fokusere på det som ikkje vert berørt.

Tørrlegging av åa under utbygging er f.eks. ikkje nemnd. På side 32 i søknaden:

Ved bygging av dam og inntak vil det bli nødvendig å senke vasstanden i Kaldavatnet.

Skal minstevassføring ha nokon verdi for økosystema nedstrøms inntaket så er det nødvendig å oppretthalde minstevassføringa også gjennom utbyggingsperioden. Tørrlegging, sjøl i ein kortare periode, kan vere fatalt for økosystema. Det må derfor stillast krav om dette dersom konsesjon blir gitt. Videre må det stillast krav om sikker minstevassføring med f.eks. alarm, automatisk reserveopning ved alarm, logg av minstevassvannføringa etc.

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Hindring i ferdsel over vatnet sumar- og vinterstid er heller ikkje nemd. Denne ferdsel er med båt over vatnet om sumaren og til fots på ski eller snøscooter til og frå hyttene om vinteren. Isfiske og leik på isen kan og vere aktuelt. Når isen legg seg fortset tappinga, isen blir i strandsona hengande att på toppane av steinar, vatnet drenerer vekk og isen blir ikkje sterkare og brotnar. «Då er du heldig at der ikkje var vatn under isen», kan du kanskje sei, men det er fattig trøst når du står med snøscooteren i holet. Bruk av båt når vatnet er isfritt blir vanskeleggjort ved varierende vannstand. Båten må dras langt opp, over HRV for å liggje trygt. Og når båten skal nyttast er vatnet kanskje halvannan meter lågare.

Punkt 3.13 Brukarinteresser side 36:

I dette avsnittet står:

Påverknaden av friluftsliv vil i hovudsak vere av visuell karakter. Regulering av Kaldavatnet vil og medføre ei utvaskingssone rundt vatnet i delar av året.

Eg reknar med at drifta av kraftverket er slik at dei kan ta imot flaumvatn når det måtte kome for å hindre at det går i overløp. For å kunne ta imot flaumvatnet må magasinet vere nedtappa. Og sidan veret og nedbørsmengdene i stor grad er uforutsigbart så inneber det at magasinet vil vere nedtappa ned mot LRV+0,25 meter **store** deler av året.

I miljørapporten s. 22 heiter det:

«Det er usikkert hvor brei denne eksponerte sonen vil bli, og det er dermed også usikkert hvor stor innvirkning det vil ha på landskapsbildet.»

Desse langgrunne, eksponerte sonane er langs nordsida av vatnet. Eg undrar på kvifor søkjaren heller vil spele på usikkerhet enn å dokumentere kor store desse eksponerte områda er?? For dei **er** store!

På side 37:

Då det er avgrensa med fiske i området vil verknadane på fiskeinteresser vere relativt lite omfattande.

Sjølv om fisket måtte vere avgrensa nå, så er logikken her feil! Senking av vatnet og tørrlegging av store beiteområder for fisken vil vere øydeleggjande for fisken sin mattilgang og for framtidige fiskeinteresser **for all framtid!**

Nederst s. 40 i søknaden:

Det er ikkje forslag til andre utbyggingsløyisingar.

Utbyggjaren **har** andre løyisingar, det er bare ikkje presentert. På side 17 kan me lese:

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Samanlikna med situasjonen utan regulering aukar vassutnyttinga for Bøen III kraftverket frå 79,3% til 87,2% og produksjonen frå 2,7 GWh til 2,97 GWh.

Det er altså vurdert ei utbygging **utan** regulering av Kaldavatnet, men så er det jo fristande for utbyggjar å prøve seg med å få lov til å regulere litt på vatnet også, røyrgate og dam har me jo, omtrent ingen ekstra investering osv ... Men kva vinn ein med det? Jo, heile 0,27 GWh. I tillegg får Bøen I og II utnytte meir flaumvatn og forbetre sin produksjon, det framgår ikkje av søknaden med kor mykje, men la meg anta at forskjellen for Bøen I og II med og utan regulering er lik Bøen III, så snakker me om ca 0,54 GWh totalt, tilsvarande el-forbruket til 27 husstandar! Kambo lufta tankane om utbygging for Sameiget Bønardalen Veilag (underteikna er leiar i laget), desse tankane gjekk ut på å nytte den naturlege variasjon av vannstanden i Kaldavatnet. Men då søknaden vart send heitte det at « ... *me fekk ikkje økonomien til å gå opp* ... » Så derfor regulering!?

Nå spør utbyggjaren: Kan me få konsesjon for å årleg produsere 4,10 GWh?

Me kan heller snu på spørsmålet til: Kan me få blottleggje strandsonen for å kunne levere straum til 27 husstandar? Svaret mitt er et klart NEI!

Side 45 i søknaden omhandlar minstevassføring.

Den bør vere minimum lik minstevassføringa pr i dag, før regulering. Og den bør fastslås ved måling på staden – for å fjerne usikkerhet ved teoretisk berekning og med grunnlagsdata frå ein annan plass.

På same side foreslår søkjaren som ekstra, avbøtande tiltak å heve LRV til 527,7 i sommarmånadane juli-august, dvs ei heving på ein meter i forhold til resten av året. Men det er eit ørlite plaster på såret, der er framleis ein meter med tørrlagd og utvaska strandsoner att, ein høgdemeter, vel og merke. Kor langt i horisontal eller skrå lengde er, som søkjaren seier, usikkert. Eg trur det kan dreie seg om både femten og tjue meter enkelte stader. Uansett så er denne perioden for kort til å vere av særleg betydning, området nyttast heile året og den skamfarne strandsona er et synlig sår unntatt gjennom vinteren når snø og is gøymer såret.

Så til ein for meg uklarhet på side 49, figur 4 - Vasstand i Kaldavatnet i eit normalt, tørt og vått år.

Koss forstå denne?

Teksten til venstre i figuren er: Vannstand Kaldavatnet, 0=326,7 moh. Denne høýden må vere ca 200 meter feil sidan Kaldavatnet ligg på 528,4 moh (middelvannstand). Dersom 0,00 nederst på Y-aksen skal forstås som lågaste regulert vannstand, LRV, så viser den grå kurva at vannstanden på slutten av året overstig tre meter – og det er jo umulig med to meter reguleringshøgde. Men hvis 0,00 representer LRV, så viser den blå streken (normalår) at vatnet er heilt nedtappa fem gonger i løpet av året, den lengste perioden på heile 50 dagar. Denne perioden er frå ca midt i september til slutten av oktober – då heia og fjellet er på det finaste! Og gjennomsnittlig vannstand gjennom året ligg på ca 0,75 meter over LVR, dvs blottlagd strandsoner mesteparten av året.

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke


Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Venstrehandsarbeid på s. 24:

Ei oversikt over tal dagar i året der vassføring går til overløp, og tal dagar der kraftverket står for et turt, middels og vått år før og etter utbygging er vist i tabellen nedanfor. Kraftverket står nødvendigvis alle dagar før utbygging.

Og dådyr (s. 39) finns ikkje i området, men rådyr ser me ofte.

Søknaden er tvetydig når det gjeld plassering av dam og inntak. På side to og på bilde 2 side 50 er inntaksdammen vist i utløpsosen, men på Omegas Plan og profilteikning del 2 er inntaket vist slik:



Der kor dammen er vist på ovanstående utsnitt er same plass kor eg har bru for adkomst til hytta mi. Brua er laga spesielt for å kunne køyre over med snøscooter. Her er lagleg å køyre av og på brua på begge sider. Eg vil foretrekkje at dam og inntak blir plassert i utløpsosen. Eg vil tru det ikkje har nemneverdige kostnadskonsekvensar. Om dammen skal plasserast som vist ovanfor må det lagast ny bru ovanom dammen. Plassert i utløpsosen vil skåne elveløpet nedstrøms, eg vil tru det stort sett vil vere urørd, mens damplassering som vist vil kreve sprenging og graving i elveløpet for inntaket og tilsvarende stort og varig sår i naturen.

Allmenne interesser

Søknaden gir etter mitt skjønn et feilaktig inntrykk av at konsekvensane av ei evt utbygging er minimale, området er lite brukt, elva som blir borte blir knapt merka fordi den ligg gøymt i terrenget, terrenget har få stiar og blir lite brukt osv. Sanninga er at området blir mykje brukt, også av tilreisande utanfor bygda. Det merkar me i Sameiget Bønardalen Veilag. Me sette

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

nemleg opp skilt nedanfor inntaket til Bøen II og på sjølve P-plassen ved inntaket at du er velkommen til å køyre her, fint om du vippser kr 50 for bruk av veg og parkering.

Medlemmer i sameiget vippsar ikkje, dei betaler gjennom sin kontingent. På denne måten fekk me måling på trafikken. I fjor var der 316 betalande og hittil i år (1. juli) har 200 betalt. Om me reknar to personar pr bil så tilsvare det henholdsvis 632 personar i fjor og 400 personar hittil i år. Dette er trafikk i tillegg til den trafikk som ikkje blir registret. Mange av desse går på oppmerka stiar, men mange brukar også terrenget ellers. Eg ser fedre med ungar som prøver seg på meitefiske ovanom inntaket på Bøen II og oppetter langs elva, heilt til Kro. Og me ser dei på toppar og myrar, nokon nyt utsikten, andre ser etter molter og blåbær, andre igjen fotograferer blomar og insekter og gud veit kva. «Men blomane, moltene og insekta vert ikkje råka», seier du. Men opplevelsene er øydelagd, åsuset er borte og blottlagde strender langs vatnet gir same opplevelsene som å ete nista si på ein søppelfylling. Øydelagd for all framtid!

Oppsummering/konklusjon

Ganske kort – konsesjon må for all del ikkje gis! Fordelene overstig på ingen måte ulempene. At området ligg i LNF-område har eg hittil ikkje kommentert, men ...

- Formålet med LNF er å beskytte områder som har viktige funksjoner for landbruk, natur og friluftsliv. Det inneber at når andre interesser kjem i konflikt med LNF, så skal LNF-interessene vinne fram. Dette skaper forutsigbarhet. Og me som har investert i hytter her har gjort det i trygg forvissning om at slik skal det vere. Dette har blitt underbygd ved:
- Då reguleringsplanen for hyttefeltet i Bønardalen vart fremma var vegen opp mot Kaldavatnet etablert som skogsbilveg. Det vart foreslått å innlemme dei siste par hundre metrane i planen, for å få same status (offentlig, alment tilgjengeleg) også frå Vårefjellsbekken og heilt opp. Men nei og atter nei! Det var LNF-område og slik skulle det vere. Det vart til og med krevd bom i skiftet mellom hyttefeltet og LNF-området.
- Frå enden av denne vegen vart det anlagt ein enkel traktorveg fram til dei tre hyttene som ligg på nordsida av vatnet, ca midt på – som viste seg å vere ulovlig anlagt, uten byggjeløyve. Dette kom fram etter eigarskifte og ny eigar vart pålagt å tilbakeføre. Han søkt om byggjeløyve for å behalde vegen, men nei og atter nei. Det er LNF-område!
- Ca midt på nordsida av vatnet ligg der ei hytte «frå gammalt av». Nåverande eigar søkte om å få rive den og byggje ny på same staden, og litt større. Men nei og atter nei. Det er LNF-område!

Eg forventar at LNF-status blir respektert i like stor grad i denne saka. Skal LNF-status vere verd litt meir enn papiret den er skriven på, så KAN IKKJE konsesjon gis som omsøkt. OM der likevel gis konsesjon, så vert LNF-regimet uthola og det vil bane vei for nye inngrep, tenkjer først og fremst på Vassstølsvatnet som ligg innafor Kaldavatnet og med endå større vassflate.

Mvh Odd Einar Vold

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Kopi: postmottak@hjemland.kommune.no



Innsendt: 02.07.2024 21:42

Ref.nr: FKLXKW

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalelsen

☒ Ja

Personopplysninger

Navn

RUNE EIE

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

☐ Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:

202224776

Sakstittel

Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Regulering av Kaldvatnet er et nytt prosjekt som er med på å ødlegge det siste vi har igjen av natur. Prosjektet har en gevinst for lokale grunneiere, kommune og private selskaper. Ingen andre! Prosjektet ødelegger natur jeg er så glad i.

Jeg er ultraløper og løper mye i disse områdene. Jeg er klar for å lenke meg fast for å få stoppet dette håpløse prosjektet .

Stopp utbyggingen!!! Nå er det nok ødeleggelse.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder

Fra: "gry austigard fjelde" <gryfjelde@gmail.com>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 21.52.57
Til: uttalelse@nve.no
Kopi: postmottak@hjemmeland.kommune.no
Emne: Ang NVE- søknad om regulering av Kaldavatnet, saksnr 202224776

Hei

Me vil med dette sende ein kommentar til søknaden om regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk, saksnr 202224776.

Me er tilhøyrande til to av hyttene ved Kaldavatnet, og har stor glede av friluftsliv og natur i området. Dette er ei hei kor ein kan finna total stillhet og nyta urørt natur. Det var difor med sjokk me las om at det er søkt om regulering av Kaldavatnet. Ei regulering som vil medføre inngrep i skjør natur og tilbakeleggje eit heilt anna terreng enn det me kan nyta i dag.

Me er også skeptiske til kva dette vil bety for dyre- og fiskeliv?

Som foreldre til 3 barn, ynskjer me at dei skal få mogligheita til å oppleve urørt natur på same måte som me har fått. Ikkje berre gjennom ei historie eller eit bilete på noko som ein gong var. Den tida me lever i, gjer behov for avkopling i naturen. Den fungerer som rekreasjon for trøtte data-hovud!

Det er alt for dyrt å gjera inngrep i naturen på denne måten, for kva veit me om kva det vil bety for framtida? Det kan umulig rettferdiggjera av økonomiske årsaker, framtida er så mykje viktigare.

Gry Austigard og Stian Fjelde



Innsendt: 02.07.2024 23:18

Ref.nr: PEBAAN

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalelsen

☒ Ja

Personopplysninger

Navn

EVEN AUSTIGARD

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

☐ Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:

202224776

Sakstittel

Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Vedlegg: ferdigskrevet høringsuttalelse.

Høringsuttalelse som vedlegg

Horingssvar Boen 3.pdf

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder

Saksnummer: 202224776

Dato: 01.07.2024

Høringssvar til søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet - Hjelmeland kommune i Rogaland

Som en hyppig bruker av naturen rundt Kaldavatnet og en som setter stor pris på områdets skjønnhet og urørthet, ønsker jeg å uttrykke min bekymring og sterke motstand mot den foreslåtte reguleringen av Kaldavatnet og byggingen av Bøen III kraftverk.

Området rundt Kaldavatnet har stor betydning for lokalbefolkningen, spesielt for de som søker naturopplevelser i et inngrepsfritt landskap. Heiene rundt Årdal er allerede preget av flere regulerte vassdrag og vann, og det er få områder igjen som ikke er påvirket av slike inngrep. For mange turgåere, spesielt barn og eldre, er området rundt Kaldavatnet et lett tilgjengelig og trygt turmål.

Å starte en tur ved et regulert vann vil ikke gi den samme følelsen av å være i urørt natur. Opplevelsen av å være borte fra menneskelig inngripen er essensiell for både mental og fysisk helse. Dermed er området rundt Kaldavatnet et av de få lett tilgjengelige stedene hvor folk i alle aldre kan nyte naturen uten store anstrengelser og oppleve den i sin opprinnelige tilstand.

På vinteren går turløypen over Kaldavatnet, og uten å kunne gå på isen vil fremkommeligheten bli betraktelig vanskeligere. Dette vil også gjøre det umulig å bruke snøskuter til å frakte proviant til hytter og til løypekjøring, noe som vil påvirke tilgjengeligheten og opplevelsen for alle som bruker området.

Den foreslåtte reguleringen vil ødelegge denne opplevelsen ved å gjøre landskapet mer industrialisert og mindre naturskjønt. En dam som regulerer vannstanden vil være et tydelig og stort inngrep i det naturlige landskapet, og vil endre områdets karakter drastisk. I tillegg vil utvaskingen av strandlinjen og de negative effektene på insekt- og bunndyrslivet, som igjen påvirker fiskebestandene, være ødeleggende for det lokale økosystemet.

Jeg ber dere derfor om å ta hensyn til disse synspunktene og avslå søknaden om regulering av Kaldavatnet. Det er viktig at vi bevarer de få urørte naturområdene vi har igjen for fremtidige generasjoner, både for naturens skyld og for menneskers helse og velvære.

Med vennlig hilsen,
Even Austigard
even.austigard@gmail.com

Fra: "Odd Einar Vold" <odd.einar.vold@gmail.com>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 16.59.23
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>;
"postmottak@hjemmeland.kommune.no" <postmottak@hjemmeland.kommune.no>
Emne: REVIDERT Høringsuttalelse 202224776
Vedlegg: REVIDERT Høringsuttale - O.E.VOLD.pdf

Vennligst sjå vedlegg igjen, og sjå vekk i frå det eg sende tidlegare i dag.

--

Mvh Odd Einar Vold
Mælslia 38
4137 Årdal i Ryfylke

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Til uttalelse@nve.no

Årdal den 2. juli 2024

Høringsuttalelse 202224776 – Regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk

Underteikna er næraste hyttenabo til prosjektert inntak. (Gnr/bnr 108/20)

Bøen Kraft AS vart stifta i 2005 av grunneigarane som seinare selde selskapet til Egil Kambo & Co i ca 2015, dei gjennomførde utbygging og har i ettertid solgt selskapet til Cloudberry Production som er eigd av Cloudberry Clean Energy ASA, største aksjonær her er Ferd as med 12,16%.

Bøen III Kraft vart etablert i 2022 av same gjengen som bygde ut Bøen I og II. I styret sit:

- Kjetil Nereng, styreleiar. Adr Raufoss
- Kirsti Nereng, adr Oslo
- Egil Kambo, adr. Etne
- Kåre Helgøy, adr Randaberg

Eigarane her er:

- Bnvannkraft as, 50% (Nereng)
- Leif Morten Gilje, 15%, adr Dirdal
- Khv Holding as, 15% (Kåre Helgøy)
- Kambo Energi, 15% (Egil Kambo)
- Vidar Øvrevik, 5%, maskinentreprenør, Etne.

Ingen av desse er heimhøyrande her i bygda eller i kommunen. Dei er utbyggjarar og eg vil spå at planen er å selje kraftverket (til Cloudberry?) når det er ferdig utbygd. Verdiskapinga lokalt forventas å vere minimal i utbyggingsfasen og endå mindre i driftsfasen.

Kommentarar til søknaden

Generelt ber søknaden preg av å «forbigå i stillhet» og tone ned negative konsekvensar mest mogleg, heller fokusere på det som ikkje vert berørt.

Tørrlegging av åa under utbygging er f.eks. ikkje nemnd. På side 32 i søknaden:

Ved bygging av dam og inntak vil det bli nødvendig å senke vasstanden i Kaldavatnet.

Skal minstevassføring ha nokon verdi for økosystema nedstrøms inntaket så er det nødvendig å oppretthalde minstevassføringa også gjennom utbyggingsperioden. Tørrlegging, sjøl i ein kortare periode, kan vere fatalt for økosystema. Det må derfor stillast krav om dette dersom konsesjon blir gitt. Videre må det stillast krav om sikker minstevassføring med f.eks. alarm, automatisk reserveopning ved alarm, logg av minstevassvannføringa etc.

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Hindring i ferdsel over vatnet sumar- og vinterstid er heller ikkje nemd. Denne ferdsel er med båt over vatnet om sumaren og til fots på ski eller snøscooter til og frå hyttene om vinteren. Isfiske og leik på isen kan og vere aktuelt. Når isen legg seg fortset tappinga, isen blir i strandsona hengande att på toppane av steinar, vatnet drenerer vekk og isen blir ikkje sterkare og brotnar. «Då er du heldig at der ikkje var vatn under isen», kan du kanskje sei, men det er fattig trøst når du står med snøscooteren i holet. Bruk av båt når vatnet er isfritt blir vanskeleggjort ved varierende vannstand. Båten må dras langt opp, over HRV for å liggje trygt. Og når båten skal nyttast er vatnet kanskje halvannan meter lågare.

Punkt 3.13 Brukarinteresser side 36:

I dette avsnittet står:

Påverknaden av friluftsliv vil i hovudsak vere av visuell karakter. Regulering av Kaldavatnet vil og medføre ei utvaskingssone rundt vatnet i delar av året.

Eg reknar med at drifta av kraftverket er slik at dei kan ta imot flaumvatn når det måtte kome for å hindre at det går i overløp. For å kunne ta imot flaumvatnet må magasinet vere nedtappa. Og sidan veret og nedbørsmengdene i stor grad er uforutsigbart så inneber det at magasinet vil vere nedtappa ned mot LRV+0,25 meter **store** deler av året.

I miljørapporten s. 22 heiter det:

«Det er usikkert hvor brei denne eksponerte sonen vil bli, og det er dermed også usikkert hvor stor innvirkning det vil ha på landskapsbildet.»

Desse langgrunne, eksponerte sonane er langs nordsida av vatnet. Eg undrar på kvifor søkjaren heller vil spele på usikkerhet enn å dokumentere kor store desse eksponerte områda er?? For dei **er** store!

På side 37:

Då det er avgrensa med fiske i området vil verknadane på fiskeinteresser vere relativt lite omfattande.

Sjølv om fisket måtte vere avgrensa nå, så er logikken her feil! Senking av vatnet og tørrlegging av store beiteområder for fisken vil vere øydeleggjande for fisken sin mattilgang og for framtidige fiskeinteresser **for all framtid!**

Nederst s. 40 i søknaden:

Det er ikkje forslag til andre utbyggingsløyisingar.

Utbyggjaren **har** andre løyisingar, det er bare ikkje presentert. På side 17 kan me lese:

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Samanlikna med situasjonen utan regulering aukar vassutnyttinga for Bøen III kraftverket frå 79,3% til 87,2% og produksjonen frå 2,7 GWh til 2,97 GWh.

Det er altså vurdert ei utbygging **utan** regulering av Kaldavatnet, men så er det jo fristande for utbyggjar å prøve seg med å få lov til å regulere litt på vatnet også, røyrgate og dam har me jo, omtrent ingen ekstra investering osv ... Men kva vinn ein med det? Jo, heile 0,27 GWh. I tillegg får Bøen I og II utnytte meir flaumvatn og forbetre sin produksjon, det framgår ikkje av søknaden med kor mykje, men la meg anta at forskjellen for Bøen I og II med og utan regulering er lik Bøen III, så snakker me om ca 0,54 GWh totalt, tilsvarande el-forbruket til 27 husstandar! Kambo lufta tankane om utbygging for Sameiget Bønardalen Veilag (underteikna er leiar i laget), desse tankane gjekk ut på å nytte den naturlege variasjon av vannstanden i Kaldavatnet. Men då søknaden vart send heitte det at « ... *me fekk ikkje økonomien til å gå opp* ... » Så derfor regulering!?

Nå spør utbyggjaren: Kan me få konsesjon for å årleg produsere 4,10 GWh?

Me kan heller snu på spørsmålet til: Kan me få blottleggje strandsonen for å kunne levere straum til 27 husstandar? Svaret mitt er et klart NEI!

Side 45 i søknaden omhandlar minstevassføring.

Den bør vere minimum lik minstevassføringa pr i dag, før regulering. Og den bør fastslås ved måling på staden – for å fjerne usikkerhet ved teoretisk berekning og med grunnlagsdata frå ein annan plass.

På same side foreslår søkjaren som ekstra, avbøtande tiltak å heve LRV til 527,7 i sommarmånadane juli-august, dvs ei heving på ein meter i forhold til resten av året. Men det er eit ørlite plaster på såret, der er framleis ein meter med tørrlagd og utvaska strandsoner att, ein høgdemeter, vel og merke. Kor langt i horisontal eller skrå lengde er, som søkjaren seier, usikkert. Eg trur det kan dreie seg om både femten og tjue meter enkelte stader. Uansett så er denne perioden for kort til å vere av særleg betydning, området nyttast heile året og den skamfarne strandsona er et synlig sår unntatt gjennom vinteren når snø og is gøymer såret.

Så til ein for meg uklarhet på side 49, figur 4 - Vasstand i Kaldavatnet i eit normalt, tørt og vått år.

Koss forstå denne?

Teksten til venstre i figuren er: Vannstand Kaldavatnet, 0=326,7 moh. Denne høýden må vere ca 200 meter feil sidan Kaldavatnet ligg på 528,4 moh (middelvannstand). Dersom 0,00 nederst på Y-aksen skal forstås som lågaste regulert vannstand, LRV, så viser den grå kurva at vannstanden på slutten av året overstig tre meter – og det er jo umulig med to meter reguleringshøgde. Men hvis 0,00 representerer LRV, så viser den blå streken (normalår) at vatnet er heilt nedtappa fem gonger i løpet av året, den lengste perioden på heile 50 dagar. Denne perioden er frå ca midt i september til slutten av oktober – då heia og fjellet er på det finaste! Og gjennomsnittlig vannstand gjennom året ligg på ca 0,75 meter over LVR, dvs blottlagd strandsoner mesteparten av året.

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke


Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Venstrehandsarbeid på s. 24:

Ei oversikt over tal dagar i året der vassføring går til overløp, og tal dagar der kraftverket står for et turt, middels og vått år før og etter utbygging er vist i tabellen nedanfor. Kraftverket står nødvendigvis alle dagar før utbygging.

Og dådyr (s. 39) finns ikkje i området, men rådyr ser me ofte.

Søknaden er tvetydig når det gjeld plassering av dam og inntak. På side to og på bilde 2 side 50 er inntaksdammen vist i utløpsosen, men på Omegas Plan og profilteikning del 2 er inntaket vist slik:



Der kor dammen er vist på ovanstående utsnitt er same plass kor eg har bru for adkomst til hytta mi. Brua er laga spesielt for å kunne køyre over med snøscooter. Her er lagleg å køyre av og på brua på begge sider. Eg vil foretrekkje at dam og inntak blir plassert i utløpsosen. Eg vil tru det ikkje har nemneverdige kostnadskonsekvensar. Om dammen skal plasserast som vist ovanfor må det lagast ny bru ovanom dammen. Plassert i utløpsosen vil skåne elveløpet nedstrøms, eg vil tru det stort sett vil vere urørd, mens damplassering som vist vil kreve sprenging og graving i elveløpet for inntaket og tilsvarende stort og varig sår i naturen.

Allmenne interesser

Søknaden gir etter mitt skjønn et feilaktig inntrykk av at konsekvensane av ei evt utbygging er minimale, området er lite brukt, elva som blir borte blir knapt merka fordi den ligg gøymt i terrenget, terrenget har få stiar og blir lite brukt osv. Sanninga er at området blir mykje brukt, også av tilreisande utanfor bygda. Det merkar me i Sameiget Bønardalen Veilag. Me sette

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

nemleg opp skilt nedanfor inntaket til Bøen II og på sjølve P-plassen ved inntaket at du er velkommen til å køyre her, fint om du vippser kr 50 for bruk av veg og parkering.

Medlemmer i sameiget vippsar ikkje, dei betaler gjennom sin kontingent. På denne måten fekk me måling på trafikken. I fjor var der 316 betalande og hittil i år (1. juli) har 200 betalt. Om me reknar to personar pr bil så tilsvare det henholdsvis 632 personar i fjor og 400 personar hittil i år. Dette er trafikk i tillegg til den trafikk som ikkje blir registret. Mange av desse går på oppmerka stiar, men mange brukar også terrenget ellers. Eg ser fedre med ungar som prøver seg på meitefiske ovanom inntaket på Bøen II og oppetter langs elva, heilt til Kro. Og me ser dei på toppar og myrar, nokon nyt utsikten, andre ser etter molter og blåbær, andre igjen fotograferer blomar og insekter og gud veit kva. «Men blomane, moltene og insekta vert ikkje råka», seier du. Men opplevelsene er øydelagd, åsuset er borte og blottlagde strender langs vatnet gir same opplevelsene som å ete nista si på ein søppelfylling. Øydelagd for all framtid!

Oppsummering/konklusjon

Ganske kort – konsesjon må for all del ikkje gis! Fordelene overstig på ingen måte ulempene. At området ligg i LNF-område har eg hittil ikkje kommentert, men ...

- Formålet med LNF er å beskytte områder som har viktige funksjoner for landbruk, natur og friluftsliv. Det inneber at når andre interesser kjem i konflikt med LNF, så skal LNF-interessene vinne fram. Dette skaper forutsigbarhet. Og me som har investert i hytter her har gjort det i trygg forvissning om at slik skal det vere. Dette har blitt underbygd ved:
- Då reguleringsplanen for hyttefeltet i Bønardalen vart fremma var vegen opp mot Kaldavatnet etablert som skogsbilveg. Det vart foreslått å innlemme dei siste par hundre metrane i planen, for å få same status (offentlig, alment tilgjengeleg) også frå Vårefjellsbekken og heilt opp. Men nei og atter nei! Det var LNF-område og slik skulle det vere. Det vart til og med krevd bom i skiftet mellom hyttefeltet og LNF-området.
- Frå enden av denne vegen vart det anlagt ein enkel traktorveg fram til dei tre hyttene som ligg på nordsida av vatnet, ca midt på – som viste seg å vere ulovlig anlagt, uten byggjeløyve. Dette kom fram etter eigarskifte og ny eigar vart pålagt å tilbakeføre. Han søkt om byggjeløyve for å behalde vegen, men nei og atter nei. Det er LNF-område!
- Ca midt på nordsida av vatnet ligg der ei hytte «frå gammalt av». Nåverande eigar søkte om å få rive den og byggje ny på same staden, og litt større. Men nei og atter nei. Det er LNF-område!

Eg forventar at LNF-status blir respektert i like stor grad i denne saka. Skal LNF-status vere verd litt meir enn papiret den er skriven på, så KAN IKKJE konsesjon gis som omsøkt. OM der likevel gis konsesjon, så vert LNF-regimet uthola og det vil bane vei for nye inngrep, tenkjer først og fremst på Vassstølsvatnet som ligg innafor Kaldavatnet og med endå større vassflate.

Mvh Odd Einar Vold

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Kopi: postmottak@hjemland.kommune.no

Fra: "Rune Folkvord" <Leena.Folkvord@lyse.net>
Sendt: tirsdag 2. juli 2024 12.57.07
Til: "NVE Høringsuttalelser" <uttalelse@nve.no>
Emne: Høringsuttale 202224776
Vedlegg: NVE-Høyring av søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet - Hjelmeland kommune i Rogaland .docx

Høringsuttale for Bøen III kraftverk, Kaldavatnet



Høyring av søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet - Hjelmeland kommune i Rogaland

Området som Kaldavatnet ligger i, er klassifisert som "viktig friluftsområde" (naturbase faktaark) og som "ganske inngrepsfritt".

Naturvernforbundet i Rogaland har over to dager befart vassdraget fra inntak Bøen II til østre ende av Kaldavatnet, samt traseer for kabelgrøft, turbinledning og mulige veitraseer.

I kommunal plan er området regulert til LNF og en stor del er definert som inngrepsfritt naturområde (INON-område sone 2) som utbyggingsplanen vil redusere med ca 3 km².

Det er fra før anlagt veg som stopper ca 700 m fra utløpet av Kaldavatnet. Denne vegen er i søknaden planlagt å forlenges til damstedet. Med mer veg blir det mer trafikk og forstyrrelser, selv om det er bomveg.

Dammen som skal regulere Kaldavatnet 2 meter (0,5 opp og 1,5 ned) blir godt synlig og representerer et større og tydelig inngrep i naturlandskapet. Langs strandlinja vil reguleringen gi en stor utvasket sone. Disse inngrepene vil forårsake en stor endring i landskap og forstyrre og ødelegge det meste av opplevelsen som inngrepsfri natur.

I strandsonen vil insekter og bunndyr bli sterkt skadelidende når vannstanden varierer og bølgene spyrer slam og sand ut på dypere vatn. Det vil over tid gi negativ virkning i mattilgangen for ørret og ål.

Ål er rødlistet og krever særlig beskyttelse mot forringelse av levevilkårene.

Vannføringen i Bønaråna blir regulert til minstevannføringer på 25 og 45 liter pr sekund. Den reduserte vannføringen er ikke nok til å opprettholde samme levevilkår som eksisterer i dag for insekter, fisk, ål, fossefall, dyr som vannspissmusa og annet.

Sterkt redusert vannføring vil også påvirke fuktigheten langs det regulerte vassdraget utover selve elveløpet. Det igjen vil gi endringer i hva som vokser og lever der.

På avstand er enkelte partier av vannføringen i elva skjult av stein og blokk. Men i og rundt elveløpet er elva alltid fullt synlig og er et dynamisk levende vannmiljø med fosser og kulper. Fravær av naturlig vannføring vil bli merkbart.

Planen for tiltaket konkluderer med at det blir sjelden overløp fra dammen. Det resulterer i at de aller fleste flommer uteblir og det kan gå mange år mellom hver flom. Men elveleiet og elv trenger naturlige flommer for å holde bunnvegetasjon fornyet og intakt uten gjengroing.





Kraftstasjonen er planlagt i overkanten av et flatt område med myr, Røglemyrane, der elva svinger seg i dype og rolige loner. Dette området strekker seg nedover myrene i ca 700 m til inntak av Bøen II, men er ikke beskrevet i søknaden. Med regulert vannføring uten naturlige flommer vil elveleiet gro til og vegetasjonen endre seg også her.

I denne stille delen av Bønardalen vil forstyrrende lyd fra kraftstasjonen høres godt, døgnet rundt.

Det omsøkte tiltaket føyer seg inn i "bit-for-bit" nedbygging og arealendring som påfører naturmangfoldet stadig mer alvorlige skader. Vassdrag er en særlig viktig del av naturarealene. Utbygging vil gi lite ny kraft og ulempene for naturen er vesentlig større enn fordeler for samfunnet.

Istedenfor å bygge ut ny kraft er det langt bedre å benytte ENØK-arbeidet for å frigjøre elektrisitet brukt til oppvarming.

Kunnskapen om naturmangfoldet i dag gir ikke rom for mer arealendring. Vi vet nå at antallet arter, av alle slag, og antallet individer i hver art minsker fort og står i fare for å forsvinne helt i løpet av noen få generasjoner.

Årsaken er i hovedsak arealendring og forstyrrelser påført fra menneskelig aktivitet. Vassdragene er særlig utsatt for påvirkningene. Denne utviklingen kan føre til kollaps i naturmangfoldet da det meste henger sammen og virker sammen.

Situasjonen med negativ utvikling av naturmangfoldet er blant annet varslet av forskere i FNs naturpanel og burde også være kjent for alle myndigheter som behandler søknader, som Bøen III.

En følge av ny kunnskap om hurtig endring i naturen, krever at all vurdering av naturskadene må legges opp til "føre var" prinsippet for å kunne fange opp reelle virkninger og skader. Derfor bør ikke dagens håndbøker og maler for naturvurderinger legges til grunn uten videre.

Naturvernforbundet mener at kunnskap og forskning beviser at skadene med flere utbygginger, gir langt større negative virkninger enn eventuelle fordeler i dag. Og det er de kommende generasjoner som vil merke de negative konsekvensene.

Signerte og forpliktende avtaler mellom FN og Norge sier at vi skal verne naturareal. Omsøkt tiltak vil skade natur og arts mangfold og representerer et brudd på avtalene.

Naturvernforbundet vil fraråde at det blir gitt konsesjon til omsøkte Bøen III kraftverk.

Mvh

Naturvernforbundet i Rogaland

Hallgeir Langeland

Styreleder

Erik Thoring

Daglig leder





Naturvernforbundet
i Rogaland

Rune Folkvord
Vassdragsvernutvalget

Besøk: Mostun natursenter,
Henrik Ibsensgate 59,
Org
4021 Stavanger
Tlf.: 416 83 238

E-post: rogaland@naturvernforbundet.no
Nettside: rogaland-naturvern.no

Org.nr. 971 339 993
Bank: 1503 80 05879



Rogaland
Naturfredningsforening
Stiftet 1928

Fra: "Børre Dybesland | Lnett" <Borre.Dybesland@l-nett.no>
Sendt: onsdag 3. juli 2024 10.06.02
Til: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Emne: Høringsuttalelse 202224776 - Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk
Vedlegg: Høringsuttalelse til Bøen III kraftverk.PDF

Hei

Se vedlagt uttalelse fra Lnett AS.

Vennlig hilsen

Børre Dybesland

Myndighetskontakt
borre.dybesland@l-nett.no
(47) 93 48 80 61



www.l-nett.no
(47) 51 90 80 79

Besøksadresse
Jærveien 35, 4319 Sandnes

The content of this e-mail is intended solely for the use of the individual or entity to whom it is addressed. It may contain information that is confidential or legally privileged. If you have received this communication in error, please notify the author by replying to this e-mail immediately, deleting this message and destroying all received documents



Unett



NVE
uttalelse@nve.no

Deres referanse
202224776-2

Deres dato
22.05.2024

Vår referanse
491548_v1

Vår dato
03.07.2024

Høringsuttalelse til Bøen III kraftverk

Viser til brev fra NVE med referanse 202224776-2 der det inviteres til å gi uttalelse til konsesjonssøknaden for Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet. Lnett har områdekonsesjon og er utredningskoordinator i det aktuelle området, og uttaler seg til tilknytningen av kraftverket.

Det har vært dialog mellom søker og Lnett om tilknytningen, jf. Kapittel 2.2.10 i søknad om konsesjon. Lnett har i dag gjennomført tiltakene som er beskrevet. Bøen III kraftverk har derimot ikke reservert kapasitet i nettet, og bør melde inn tilknytningen via Lnett sine nettsider, <https://www.l-nett.no/tilknytning-til-nett/>. Lnett vil i etterkant gjøre en ny vurdering av om det er kapasitet i nettet og gi estimat for eventuelt anleggsbidrag.

Vennlig hilsen
Lnett AS

Beate Rønneberg
Leder Nettkonsesjon

Børre Dybesland
Myndighetskontakt



Innsendt: 03.07.2024 14:58

Ref.nr: MOEKFG

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Personopplysninger
Navn ASGEIR AUSTIGARD
Kontaktinformasjon
Er søker et selskap under stiftelse? ☐ Søker er et selskap under stiftelse
Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Dokument vedlagt
Høringsuttalelse som vedlegg Hoyringssvar 202224776.pdf
Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon
Vedlegg bilder

Høyringsvar til NVE

Regulering av Kaldavatnet og Bøen III

Registreringsnummer: 8977. Saksnummer 202224776

Som min far har eg gått til Kaldavatnet så lenge eg kan hugse. Då eg tok mine første turar dit var det ein lengre tur enn det er i dag. Dei første turane sat eg i bæremeis, men etter kvart måtte eg klare meg sjølv. Det virka uendeleg langt av og til, men med hjelp av oppmuntrande ord og kanskje ein sjokoladebit kom me oss alltid opp og fram. Og belønninga ved å kome fram var verdt turen. Kaldavatnet har ein unik ro og fred, som for meg ingen andre plassar har. Å vera på Kaldavatnet er som å ha pause frå kvardagslivet. Her blir alt betre, anten du hadde det fint eller ikkje så fint då du gjekk heimefrå.

Eg anar ikkje kor mange timar eg har leika langs elva og i vasskanten ved Kaldavatnet. Her har eg saman med sysken og familie fiska, bada, padla i kano og båt, plukka bær, og mykje meir. Eg og bror min snorkla ein gong bortover til hytta til onkel Jarl, og der såg eg den største ålen eg nokon gong har sett. For meg var den enorm, 2-3 meter om eg skulle tippe. Det er mogleg den har vakse litt med tida, som mange av aurane me har fått i Kaldavatnet og området rundt, men det er det ingen som kan kontrollere nå. Her fekk eg min første aure, her skøyt eg min første fugl, her fridde eg til kåna mi, og i fjor fekk dotter mi på tre år sin første aure her. No er eg så heldig at eg får ta med meg mine ungar opp til denne plassen, og dei får oppleve dei same tinga som eg har gjort. Slik eg ser det vil regulering av Kaldavatnet forringe opplevinga av å vera der svært mykje og få store og irreversible konsekvensar.

Under pkt. 2.4 i konsesjonssøknaden kan ein lesa om fordeler og ulemper ved tiltaket. Det einaste gode argumentet eg ser er at lokale rettshavarar får auka inntekter som styrkar drifta deira. Kraft treng me, men mengden straum som blir produsert her er etter mi meining ikkje i nærleiken av å vera verdt inngrepet. På tida det tar berre å få dette rekneskapet til å gå i null kan me ha funne nye og meir effektive metodar å gjere dette på. Verdiskapinga i anleggsfasen er kortvarig og ubetydelig på lang sikt, det same er skatteinntekter og oppdrag og leveransar i driftstid.

Vidare står det at denne utbygginga vil vera positiv for biologisk liv i og ved elva på grunn av færre start/stopp ved kraftverket. Det seier seg sjølv at dette ikkje veg tyngre enn dei store skadene dette medfører for biologisk liv i vatnet, vasskanten og i og langs elva som blir tørrlagd, men dette er ikkje nemnt her. Det vil òg vera kritisk både for aure og raudlista ål som lever i vatnet. Om fisken forsvinn, forsvinn òg fuglane som er der for å jakte. Og forsvinn næringstilgangen i og langs elva, forsvinn òg fuglane som hekkar der og dyr som held seg der.

Den siste fordel som nemnast er at det blir ei noko dempende effekt på kulminasjonsflaum. Flaumar er heilt naturlege og har ei rekke fordeler både for elva, vatnet og vegetasjonen rundt.

Så kjem ein til ulemper ved tiltaket, og her er det tydelig at det ikkje er blitt brukt like mykje tid på å leite etter argument. Det nemnast eit reguleringsbelte på fem meter i gjennomsnitt, noko eg har svært vondt for å tru stemmer. Det skal ikkje meir til enn å gå ei runde rundt vatnet for å gjera seg ei vurdering av dette, og eg blir overraska om mange kjem til den same konklusjonen om at dette beltet blir på fem meter.

I tillegg nemnast midlertidige synlege inngrep i anleggsfasen, men dette blir ifølgje utbyggjar nullstilt av revegetering. Fleire ulemper enn dette har ikkje søkjar funne verdi i å nemne, men eg vil gjerne bidra med nokre punkt. Fisking, som i søknaden blir beskriven som «avgrensa» i området, vil bli sterkt påverka. Om fisken forsvinn heilt kan me ikkje vita, men at det vil vera negativt for bestanden er udiskutabelt. Dei vanlege fiskeplassane våre vil forsvinne, og bruk av båt både for fiske og rekreasjon vil naturlegvis bli vanskeleg. Og kven har vurdert fisket til å vera «avgrensa»? Her fiskast det med både garn, stang og ruse jamnleg, og det har det blitt gjort langt tilbake i tid.

Nydelige leike- og badeplassar vil bli fjerna og øydelagde av store utvaska områder med sorpe og sleipe steinar. Eg hadde ikkje tenkt å nemne økonomiske argument, for eg synes ikkje det er det viktigaste i denne saka, men at verdien på hytter og tomter i området blir forringa er sikkert. I tillegg vil den lite innbydande utvaska sona, som ved andre regulerte vatn, føra til færre besøkande og dermed mindre inntekter til Sameiget Bønardalen Veilag i form av bompengar.

Vinterstid er Kaldavatnet base både for leik og for skiløyper som går innover i heia. Her har me fleire år arrangert påskemesterskap på ski med nettopp vatnet og isen som arena, til glede for veldig mange. Skiløp, skiskyting, skøyteøving, curling og isfiske er ting som truleg forsvinn ved regulering. I dag er Kaldavatnet den einaste staden der Hjelmeland Røde Kors kan køyre spor frå Bjødnabu og innover i heia mot Skorva, og eventuelt hente ut skadde hytte- og turfolk med scooter frå same område.

Så kjem det visuelle aspektet, som kanskje kan vera vanskeleg å forstå at veg så tungt om ein ikkje har tilknytning til staden. Det er ikkje tvil om at reguleringsbeltet, den fysiske demninga, vegen heilt fram til vatnet og eit bygg med konstant lys som vil sjåast langt innover i heia, vil øydeleggja mykje av magien og roen ved Kaldavatnet. I dag er dei einaste lyskjeldene ein kan sjå frå Kaldavatnet frå andre hytter og eventuelt hovudlykter.

Å lesa i konsesjonssøknaden pkt. 3.13 at Kaldavatnet og området rundt har «middels verdi» for friluftsliv og at desse inngrepa totalt sett vil ha «liten negativ konsekvens» er både trist og provoserande. Det trur eg samtlige hytteeigarar og turgåarar kan skrive under på, og påstanden min underbyggjast av dei over 300 medlemmane Facebook-gruppa «Me som er glad i og vil redda Kaldavatnet» har fått på ti dagar. Dette talet tilsvarar over 10% av antal innbyggjarar som bur i kommunen, ein kommune som er heilt i noregstoppen i antal DNT-medlemmar per innbyggjar.

Eg slit med å halda meg objektiv i denne saka, og å ikkje la følelsane ta overhand. Eg kunne nok ha gjort meir for å vera det, men det er nettopp følelsane eg ynskjer å formidle. Det er ikkje berre hytteeigarane som blir påverka av dette, det er også born, borneborn og komande generasjonar. Berre i hytta eg høyrer til er me rundt femten stykk som nyt godt av denne plassen, og fleire skal det bli. For meg er det tydelig at det er langt fleire taparar enn vinnarar i denne saka om dette vert gjennomført. Eg håpar folkehelsa, opplevingar, naturen og dyra får spela ei rolle i avgjerda. Eit urørt Kaldavatnet og alt det gjev er verdt så mykje meir enn dei, i det store biletet, småpengane nokre få tener på dette. Kaldavatnet gjev ein rikdom og lærdom som ikkje kan målast i pengar eller gigawatt, og som eg trur kjem til å bli meir og meir verdifull framover slik samfunnet utviklar seg. Og Kaldavatnet er ikkje ferdig med å gje, Kaldavatnet vil vera som det er til evig tid og fortsette å gje opplevingar og minner til nye generasjonar. Men då må det ikkje øydeleggjast.

*«Kor finn ein slik kvilekor finn ein slik fred,
som ved Kaldavatnet?
Kor kan ein slik leggja børane ned,
som ved Kaldavatnet?
Her gløymast suter, alvor og slit,
for kvardags-streket det når ikkje hit
opp til Kaldavatnet.»*
- Astrid Austigard

Med helsing

Asgeir Austigard

Fra: "Arnfinn Nilsen" <arnfinn@nmf.no>
Sendt: onsdag 3. juli 2024 23.42.22
Til: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Kopi: "Ruben Oddekalv" <ruben@nmf.no>
Emne: NORGES MILJØVERNFORBUND - Høringsuttalelse 202224776 Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk
Vedlegg: NORGES MILJØVERNFORBUND - Høringsuttalelse 202224776 Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk.pdf

Hei,

Se vedlagte høringsuttalelse regulering Kaldvatnet og Bøen III kraftverk, Hjelmeland fra Norges Miljøvernforbund (pdf).

Mvh,
Arnfinn Nilsen
saksbehandler
Norges Miljøvernforbund
Tlf: +47 55 30 67 08
Mob: +47 952 67 007
nmf.no
arnfinn@nmf.no

Støtt oss i en evig kamp for et bedre miljø
Enkel innmelding via SMS: Send **MILJØ** til **2030**
Medlemskontingent kr. 200,- blir trukket fra din neste telefonregning.
Kr. 200,- første året, deretter: Ordinær kr. 380,- Pensj./Stud. kr. 200,-

Norges Miljøvernforbund
Postboks 593
5806 BERGEN



NVE
uttalelse@nve.no

Bergen, 03. juli 2024

Høringsuttalelse 202224776 Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk, Hjelmeland kommune ¹

Norges Miljøvernforbund (NMF) går imot omsøkte regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk, Hjelmeland kommune og krever søknaden avslått.

Dette kraftanlegget vil gi uforholdsmessig store naturkonsekvenser i en region som allerede har veldig stor belastning i form av vassdragsutbygginger og fragmentert natur. Selve Kaldvatnet og området rundt er et av de få områdene i Hjelmeland/Ryfylke som fremdeles har en noenlunde intakt natur. Dette vises klart ved at Kaldvatnet går inn i et av de få gjenværende INON-områdene (villmarkspreget natur). Av de som er igjen er gjerne små, oppstykket og fragmenterte. Dette betyr at terskelen for nye inngrep som reduserer eller fragmenterer opp de gjenværende INON-områdene må settes ekstra høyt før en vedtar nye inngrep som reduserer slike inngrep. Den omsøkte reguleringen av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk har altfor store negative konsekvenser som kan ikke forsvares tillatt i denne sammenhengen.

NVE har nylig dokumentert fortsatt positiv kraftbalanse mot 2028², samtidig er det en rekke uutnyttede energitiltak som har langt mindre og varige konsekvenser sammenlignet med et vassdragsinngrep som dette. En utvaskingssone rundt hele Kaldvatnet er varige inngrep som ødelegger naturverdiene til stadig flere slike vassdrag, og som i tillegg gir store negative konsekvenser for vanninsekter m.m som også får store konsekvenser for andre ferskvanns- og våtmarksarter, både under og over vannflaten, inkludert flere fuglearter som bruker vann og våtmark til næringssøk. I elva/vassdraget er det påvist rødlistet ål, som har fått et spesielt vern i Europa på grunn av den sterke tilbakegangen de siste tiårene. Naturmangfoldlovens bestemmelser om føre-var-prinsippet må veie tungt og legges til grunn for et avslag på omsøkte regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk.

¹ <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8977&type=V-1>

² <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/nyheter-energi/fortsatt-positiv-kraftbalanse-mot-2028/>

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:		Region Sør / Øst	Region Nord-Norge
Postboks 593	Tlf: 55 30 67 00	Postboks 9261	Postboks 446
5806 BERGEN	Faks: 55 30 67 01	Grønland	9255 TROMSØ
Skuteviksboder 24		0134 OSLO	
Bank: 9521.05.71982	Org.nr. 871 351 082 MVA	Tlf: 55 30 67 00	Tlf: 913 57 125
Internett: www.nmf.no	Epost: nmf@nmf.no	Epost: oslo@nmf.no	Epost: nord@nmf.no





Sagåna småkraftverk med omsøkte Kaldvatnet og Bøen III kraftverk i bakgrunnen. Foto: Norges Miljøvernforbund.

Dette bildet viser et annet småkraftverk i Hjelmeland, Sagåna kraftverk som bare ligger 7 km i luftlinje fra det omsøkte Bøen III kraftverket med regulering av Kaldvatnet som vil bli liggende rett mot horisonten i bakgrunnen.

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:

Postboks 593
5806 BERGEN
Skuteviksboder 24
Bank: 9521.05.71982
Internett: www.nmf.no
Tlf: 55 30 67 00
Faks: 55 30 67 01
Org.nr. 871 351 082 MVA
Epost: nmf@nmf.no

Region Sør / Øst

Postboks 9261
Grønland
0134 OSLO
Tlf: 55 30 67 00
Epost: oslo@nmf.no

Region Nord-Norge

Postboks 446
9255 TROMSØ
Tlf: 913 57 125
Epost: nord@nmf.no





Sagåna småkraftverk med omsøkte Kaldvatnet og Bøen III kraftverk i bakgrunnen. Foto: Norges Miljøvernforbund.

Det er ingen tvil om at slike «småkraftverk» har store naturkonsekvenser. Til forskjell fra Sagåna kraftverk (på bildet ovenfor) som er et rent bekke/elvekraftverk så vil Bøen III også demme opp og regulere Kaldvatnet og gi en svært synlig og skadelig utvaskingssone rundt hele vatnet.

Hjelmeland og Rogaland har allerede ofret betydelige mengder natur til slike inngrep og er i tillegg en av de sterkest nedbygde med vindkraft. At det bare skal fortsette med nye slike inngrep i det lille vi har igjen med naturområder her i denne regionen vekker sterke reaksjoner fra en stadig større del av befolkningen. Siste tiders fokus på det stadig akselererende naturtapet gir grunnlag for store konflikter.

Internasjonale forpliktelser

Vi må også ta inn over oss at vi står ovenfor en alvorlig naturkrise der stadig mer av viktige biotoper og habitater fragmenteres, bygges ned og forsvinner i et stadig økende tempo. FNs bærekraftsmål er forpliktende for alle stater, inklusive også Norge. Delmål 15 Livet på land, delmål 15.1;

15.1) Innen 2020 bevare og gjenopprette bærekraftig bruk av ferskvannsbaserte økosystemer og tjenester som benytter seg av disse økosystemene, på land og i innlandsområder, særlig skoger,

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:

Postboks 593
5806 BERGEN
Skuteviksboder 24
Bank: 9521.05.71982
Internett: www.nmf.no
Tlf: 55 30 67 00
Faks: 55 30 67 01
Org.nr. 871 351 082 MVA
Epost: nmf@nmf.no

Region Sør / Øst

Postboks 9261
Grønland
0134 OSLO
Tlf: 55 30 67 00
Epost: oslo@nmf.no

Region Nord-Norge

Postboks 446
9255 TROMSØ
Tlf: 913 57 125
Epost: nord@nmf.no



våtmarker, fjell og tørre områder, i samsvar med forpliktelser i internasjonale avtaler ³

15.4) Innen 2030 bevare økosystemer i fjellområder, inkludert det biologiske mangfoldet der, slik at de skal bli bedre i stand til å bidra til en bærekraftig utvikling

Vi er allerede godt forbi 2020 og nærmer oss 2030, og kan ikke fortsette å bygge ned mer natur i samme tempo som tidligere. Naturområdet som er omsøkt regulert for Kaldvatnet og Bøen III kraftverket er både verdifull ferskvannsbasert økosystem/vassdragsnatur som forplikter til FNs bærekraftsmål 15.1 og høyfjellsnatur jf bærekraftsmål 15.4 som setter mål frem mot 2030.

FNs naturavtale som også forplikter Norge har et fastsatt mål på vern av 30% av all natur på land innen 2030.⁴ Skal Norge ha en reell mulighet til å oppnå dette må vi samtidig være svært restriktive med nye arealkrevende inngrep i verdifull og viktig natur. Omsøkte kraftverk og regulering gjør et stort innhogg i regionens villmarkspregede natur (INON) og vil gjøre oppnåelsen av forpliktelsene i Naturavtalen og i FNs bærekraftsmål vanskeligere å oppnå.

Det er på høy tid at en inntar en mye mer restriktiv tilnærming til slike store og negative utbygginger i naturen, og heller legger fokuset over på bedre og mye mindre natur- og miljøskadelige kraftprosjekter. Det er store uutnyttede potensialer i eksempelvis bergvarme og varmelagring i berggrunnen som kan dekke en mye større del av kraftbehovet i bygninger enn det gjør i dag. I tillegg vil også det reviderte bygningsenergidirektivet gi ytterligere energibesparelser i årene som kommer, for å nevne noe.

Det er helt klart at vi ikke kan fortsette å bygge ut i våre naturområder i samme skala og tempo i årene som kommer. Det er heller ikke vår generasjon som skal ta alle disse avgjørelsene før de som kommer etter oss får muligheten til å gjøre egne selvstendige vurderinger. Vi begynner for alvor å bli naturfattige her i landet.

Omsøkte regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk gir altfor store inngrep og naturskader i forhold til nytteverdi og må avslås.

Med miljøvennlig hilsen
Norges Miljøvernforbund



Ruben Oddekalv - Leder
ruben@nmf.no



Arnfinn Nilsen – Saksbehandler
arnfinn@nmf.no

³ https://www.regjeringen.no/no/tema/utenrikssaker/utviklingssamarbeid/sdg_oversikt/id2505654/?expand=factbox3020093

⁴ <https://fn.no/avtaler/miljoe-og-klimate/fns-naturavtale>

Norges Miljøvernforbund

Hovedkontor:

Postboks 593 Tlf: 55 30 67 00
5806 BERGEN Faks: 55 30 67 01
Skuteviksboder 24
Bank: 9521.05.71982 Org.nr. 871 351 082 MVA
Internett: www.nmf.no Epost: nmf@nmf.no

Region Sør / Øst

Postboks 9261
Grønland
0134 OSLO
Tlf: 55 30 67 00
Epost: oslo@nmf.no

Region Nord-Norge

Postboks 446
9255 TROMSØ
Tlf: 913 57 125
Epost: nord@nmf.no





Innsendt: 27.06.2024 10:32

Ref.nr: HLXNAJ

NVE

Postboks 5091, Majorstua

0301 Oslo

Hjemmeside: <https://www.nve.no>

Innsending av høringsuttalelse

Informasjonsside
For mer informasjon les mer på: NVEs hjemmeside
Fortsett med høringsuttalelsen ☒ Ja

Kontaktinformasjon for virksomhet	
Organisasjonsnummer 923746196	Foretaksnavn ANNASTØL FELLESEIE
Foretakets telefonnummer	Foretakets e-postadresse
Kontaktperson	
Navn JOHAN MJØLHUS	
Telefon 91119006	E-post johan-mj@online.no
Er kontaktperson tilknyttet et annet foretak, legg inn organisasjonsnummer.	
Organisasjonsnummer 986536574	Foretaksnavn

Saksopplysninger	
Innsending av høringsuttalelse til NVE.	
NVEs saksnr.: 202224776	Sakstittel Regulering av Kaldvatnet og Bøen III kraftverk

Høringsuttalelse
Høringsuttalelse Hei. Eg og fleire har sauer på beite aust i heia for Kaldavatnet på sommerane. På vinterstid må me krysse Kaldavatnet for å komme oss austover i heia med proviant, slikkestein og utstyr til sauehald og hytter. Det er få/ingen muligheter å komme seg austover med scooter, uten å krysse Kaldavatnet. Å krysse eit regulert vatn er vel umulig ?
Høringsuttalelse som vedlegg
Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon
Vedlegg bilder



Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar

Annette Fosså, 51 56 89 20

Uttale til høyring av søknad om bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet, Hjelmeland

Den samla belastinga vassdraget er utsett for samla sett, må leggast vesentleg vekt på i vurderinga av om ein skal gi konsesjon til utbygging av Bøen III kraftverk. Statsforvaltaren vurderer den samla belastinga i området som stor, og at ein her bør unngå ytterlegare tap av inngrepsfrie naturområde og sår i landskapet. På denne bakgrunn rår vi ifrå at det blir gitt konsesjon til utbygging av Bøen III kraftverk.

Vi viser til høyringsbrev av 22.05.24.

Bakgrunn

Bøen Kraft AS søker etter vassressurslova § 8 om løyve til bygging av Bøen III kraftverk og regulering av Kaldavatnet mellom LRV kote 526,7 og HRV kote 528,7. Det vert og søkt om løyve etter energilova til bygging og drift av Bøen III kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner.

Bøen Kraft AS har i dag to godkjende kraftverk i Bønaråna. Det vert no søkt om å regulere Kaldavatnet, og bygge Bøen III kraftverk oppstraums inntaket til Bøen II, som skal utnytte vassføringa frå Kaldavatnet og Bønaråna. Oppdemming og regulering av Kaldavatnet vil gje betre utnytting av vatnet i form av auka produksjon i dei to eksisterande kraftverka, Bøen I og Bøen II. I tillegg vil bygging av nye Bøen III kraftverk generere ny produksjon av elektrisk kraft.

Statsforvaltaren si vurdering

Naturverdiar

Kaldavatnet og øvre delar av Bønaråna er ikkje nemneverdig påverka av menneskeleg aktivitet i dag¹. Bønaråna er i nedre del allereie sterkt påverka av vasskraft, og vil bli ytterlegare påverka av

¹ Appelgren, L. 2019. Regulering av Kaldavatnet og utbygging av Bøen III kraftverk, Hjelmeland - Konsekvenser for naturmangfold. Ecofact rapport 656.



omsøkt vasskraftregulering og miste verdi som den raudlista naturtypen *elvevannmasser* (NT-nær trua²). Reguleringa vil ifølgje Ecofact rapport 656 føre til reduksjon av flaumtoppar òg i den anadrome delen av vassdraget. Påverknadane på anadrom fisk blir vurdert som ubetydelege. Statsforvaltaren vil her påpeike viktigheita av flaum som ein naturleg prosess som bidreg til å reinse gyte- og oppvekstområde for finsediment.

Den raudlista arten ål har sidan kartlegginga i 2019 gått opp ein raudlistekategori frå sårbar (VU) til sterkt trua (EN)³. Ei redusert vassføring kan føre til redusert oppgang av ål. Dersom det blir gitt konsesjon, er det viktig at vassføringa blir tilpassa ålen, slik at både opp- og nedvandring blir sikra. Det må òg gjennomførast tiltak for å lede ålen forbi inntaket til kraftverket, slik at ålen ikkje blir skadelidande som følgje av tiltaka.

Bygging av Bøen III kraftverk vil ifølgje Ecofact føre til at gyteareal for auren i Bønaråna blir kraftig redusert. Det vil her vere viktig å sikre at det framleis er tilgang til gyteareal oppstrøms i vassdraget, mellom Kaldavatnet og Vasstølvatnet. Ved å setje kravet til minstevassføring til 5-persentilen, kan ein risikere så lite vatn i Bønaråna at fisk kan fryse inne i kulpar om vinteren. I ein eventuell konsesjon må ein ta dette med som ein del av vurderinga når ein stiller krav til minstevassføring.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Delar av tiltaks- om influensområdet ligg innanfor eit inngrepsfritt naturområde (INON), som ligg 1-3 kilometer frå tyngre tekniske inngrep (sone 2-område). Det aktuelle INON området har eit areal på om lag 28 km², der om lag 3 km² (11%) går tapt dersom området blir utbygd.

Området ligg innanfor friluftslivsområdet *Toffell – Kaldavatnet*, registrert som *viktig* i ei kartlegging gjennomført av Rogaland fylkeskommune i 2017 (Temakart Rogaland). Det er vist til som eit område ganske fritt for inngrep, med merka tursti rundt Kaldavatnet om sommaren. Eksponering av ei brei vegetasjonsfri sone rundt vatnet ved ei utbygging vil vere gjeldande spesielt ved låg vassføring om sommaren. Dette vil vere ein betydeleg påverknad på landskapsbiletet og opplevinga av området. Veier til reguleringsdam og kraftstasjon er enda ikkje fastsette. Desse inngrepa vil vere permanente sår i landskapet som òg vil vere godt synlege.

Karbonrike areal

Ecofact viser i sin naturmangfaldrapport 656 til at Bønaråna renn gjennom myr og fukthei. Mindre vassføring i elva vil føre til auka attgroing og mindre fuktprega terreng. Ein legg òg opp til å leggje høgspent og tilkomstveg til stasjonsbygning gjennom myr. Vi kan ikkje sjå at dei samla inngrepa i myr- og vassrike område er vurdert i eit klimaperspektiv, herunder eit klimarekneskap som tek omsyn til myr djupne og CO₂ innhald, jf. Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing.

Samla belastning

Når det gjeld den samla belastninga av omsøkt tiltak, jf. naturmangfaldlova § 10, må omsøkte tiltak sjåast i samanheng med at vassdraget allereie er bygd ut med to vasskraftanlegg lenger nedstrøms. Statsforvaltaren vurderer at det er lagt for liten vekt på denne vurderinga i naturmiljø og

² Dervo, B., Mjelde, M., Schartau, A. K. og Uglem, I. (alfabetisk) (2018). Elvevannmasser, Ferskvann. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Artsdatabanken, Trondheim. Hentet 17.07.2024 fra: <https://artsdatabanken.no/RLN2018/33>

³ Hesthagen T, Wienerroither R, Bjelland O, Byrkjedal I, Fiske P, Lynghammar A, Nedreaas K og Straube N (24.11.2021). Fisker: Vurdering av ål *Anguilla anguilla* for Norge. Rødliste for arter 2021. Artsdatabanken. <http://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021/1381>



miljørapport vedlagt søknaden. Statsforvaltaren vurderer den samla belastinga i området som stor, med allereie utbygde vasskraftverk, veganlegg og annan infrastruktur. Dei gjenværande inngrepsfrie naturområda med intakte landskapselement må derfor takast vare på, og ein må unngå ei bit for bit utbygging.

Konklusjon

Den samla belastinga vassdraget er utsett for samla sett, må leggst vesentleg vekt på i vurderinga av om ein skal gi konsesjon til utbygging av Bøen III kraftverk. Statsforvaltaren vurderer den samla belastinga i området som stor, og at ein her bør unngå ytterlegare tap av inngrepsfrie naturområde og sår i landskapet. På denne bakgrunn rår vi ifrå at det blir gitt konsesjon til utbygging av Bøen III kraftverk.

Med helsing

Tage A.T. Eriksen (e.f.)
fagleder natur

Annette Fosså
seniorrådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hjelmeland kommune
Rogaland fylkeskommune

Vågavegen 116
Postboks 130

4130
4001

Hjelmeland
Stavanger

Fra: "Odd Einar Vold" <odd.einar.vold@gmail.com>
Sendt: onsdag 7. august 2024 08.21.07
Til: uttalelse@nve.no
Kopi: postmottak@hjemmeland.kommune.no
Emne: Krav om ny høringsfrist - «Høyringsuttale 202224776»
Vedlegg: Krav om ny høringsfrist.pdf

Vennligst jfr vedlegg.

--

Mvh Odd Einar Vold
Mælslia 38
4137 Årdal i Ryfylke

Odd Einar Vold

Mælslia 38, 4137 Årdal i Ryfylke

Epost: odd.einar.vold@gmail.com

Til uttalelse@nve.no

Årdal den 7. august 2024

Høringsuttalelse 202224776 – Regulering av Kaldavatnet og Bøen III kraftverk

På facebookgruppa <https://www.facebook.com/groups/1856648484840799> opplyser ein av grunneigarane, Sveinar Vadla, at «Dei har skrive feil i konsesjonssøknaden kva gjeld reguleringshøyde.

Dette skal endrast i søknaden. NVE er informert.

Rett planlagt regulering er 0,5 meter opp og 1 meter ned.»

Dersom det stemmer at konsesjonssøknaden skal vurderast ut frå andre, korrigerte opplysningar enn det som framgår av tilgjengelige dokument på dykkar nettstad <https://www.nve.no/konsesjon/konsesjonssaker/konsesjonssak?id=8977&type=V-1> pr oppgitt høringsfrist 03.07.2024 så krev eg hermed tilgang til korrigerte opplysningar og at det vert sett ein ny høringsfrist.

Mvh Odd Einar Vold

Kopi: postmottak@hjemland.kommune.no